



## Statens vegvesen

GUTTORM ALENDAL  
DORTLEDHAUGEN 132  
5237 RÅDAL

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/114493-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
27.09.2017

### Svar – Avkjørsle – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 26 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 24.07.2017. Vi var på synfaring på staden 28.08.2017.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkjørsleløyve frå fv. 404 til gnr. 58 bnr. 26 i Lindås kommune. Bakgrunnen for søknaden er at de skal rive ein gamal fritidsbustad og oppføre ny på same staden. Kommunen stiller difor krav om godkjent avkjørsleløyve etter veglova.

#### Vurdering:

Du har lagt ved dokumentasjon på eit førehandstilsegn gitt av Statens vegvesen i 1995 for opparbeiding av ny avkjørsle. Du finn ikkje dokumentasjon på at endeleg avkjørsleløyve er gitt.

Eksisterande avkjørsle kan sjåast på som lovleg dersom ein kan dokumentere at det offentlege har gjeve løyve til bruk jf. *Retningslinjer for behandling av avkjørselssaker. Håndbok R701*. Retningslinjene slår vidare fast at dersom ei avkjørsle har vore anlagt og synleg bruk samanhengande i fleire år, og eigaren / brukaren har vore i god tru, kan avkjørsla sjåast på som lovleg, men då på same vilkår som dei ville fått om dei hadde søkt og fått løyve.

Vi var på synfaring og kontrollerte avkjørsla opp mot dei krav som vart gitt i 1995. Vi vurderer at avkjørsla for det meste er bygd i samsvar med vårt førehandstilsegn. Vi vurderer likevel at siktkravet til høgre i avkjørsla retning Tofting ikkje er oppfylt. For å oppnå tilstrekkeleg sikt i denne retninga må vegetasjon og eventuelt terreng i siktsona fjernast. Vi minner elles om at det er eit generelt krav at siktsonene til ei kvar tid skal haldast fri for sikthindrande element.


Det er ikkje søkt om endra eller utvida bruk av avkjørsla, så vi finn ikkje grunnlag for å stille nye krav til teknisk utforming.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Illustrasjon. Siktlinje retning høgre / Tofting må utbetrast.

#### Konklusjon:

Når sikta til høgre i avkøyrsla retning Tofting er opparbeidd i samsvar med vårt førehandstilsegn frå 1995, kan de ta kontakt med Statens vegvesen som vil kome ut og kontrollere avkøyrsla på ny. Dersom siktkravet er oppfylt vil vi gje bruksløyve til avkøyrsla.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing


Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør


*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

# PRINSIPPSKISSE

## KRAV TIL SVINGRADIUS I AVKJØRSLA




## KRAV TIL FRISIKT I AVKJØRSLA



**NB!** Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjøres gjeldende for trafikk som kommer på hovedvegen og skal inn i avkjørselen (sikt bakover og framover langs hovedvegen).

For kontroll av sikten brukes høyde 0,5 m over avkjørselens overflate. I spesielt vanskelige tilfeller kan øyehøyde 1,10 m brukes. Som kjøretøyhøyde regnes 1,10 m. Av hensyn til snø og vegetasjon bør det være fritt for sikthindringer høyere enn 0,5 over hovedvegens nivå.

## LENGDEPROFIL AV AVKJØRSLA



Lengdeprofillet må ligge innan dette området

STATENS VEGVESEN	
HORDALAND	
Søkkjar	ERIK NORDHEID
Jnr.	95/2489-001
Ark.nr	
Sak.nr	